

MØTEBOK

Organ:	Plan og forvaltningsutvalet
Stad:	Tingsalen - Leikanger tinghus
Dato:	08.06.2021
Tid:	09:00 - 00:00

Funksjon:	Namn:	Parti:	Forfall:	Møtt for:
Leiar	Malén Røysum	Sp		
Nestleiar	Oddbjørn Bukve	SV	x	
Medlem	Bodil Strand	Sp	x	
Medlem	Ivar Slinde	Sp		
Medlem	Magne Bruland Selseng	Sp		
Medlem	Arne Glenn Flåten	H	x	
Medlem	Lars Trygve Sæle	H		
Medlem	Stig Ove Ølmheim	Ap	Permisjon til 10.00 under sak 27-28/21	
Medlem	Rita Navarsete	Frp		
Varamedlem	Lin Åm	MDG		Oddbjørn Bukve
Varamedlem	Jan Arild Rømmen	V		Arne Glenn Flåten

**Til stades med møte- og
talerett:**

Kommunalsjef Arne Abrahamsen

Frå administrasjonen:

Tenesteleiarar Åsmund Veigel Gaukstad
Sakshandsamar Sigrid Ølmheim

Sekretariat for møtet:

Maj Britt Brendstuen

Plan og forvaltningsutvalet valde møteleiar, Lars Trygve Sæle og Lin Åm til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 27/21

Detaljreguleringsplan Leikgjerdet bustadfelt gbnr. 23/66 m.fl.

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl. i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl.

Plankart dagsett 30.04.2021

Føresegn dagsett 30.04.2021

Vedtaket er grunngjeve ved at planframlegget inneheld planfaglege tilfredsstillande grep, og er i tråd med overordna plan.

Endringsframlegg:

Malén Røysum, Sp la fram nytt punkt 3.2 a) i føresegnene:

Privat og felles uteareal og nærleikeplass innanfor reguleringsplanområdet i samsvar med krav i arealplanen og illustrasjonsplanen, dagsett 30.04.21. Områdeleikeplass er lagt til eksisterande i Rutlinslid og det skal opparbeidast terrengtilpassa gangsti frå planområdet til leikeplassen

Avrøysting:

Framlegget frå Malén Røysum, Sp vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl. i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Detaljreguleringsplan for Leikgjerdet bustadfelt, gbnr. 23/66 m.fl.

Plankart dagsett 30.04.2021

Føresegn dagsett 30.04.2021

Vedtaket er grunngjeve ved at planframlegget inneheld planfaglege tilfredsstillande grep, og er i tråd med overordna plan.

Nytt punkt 3.2 a) i føresegnene:

Privat og felles uteareal og nærleikeplass innanfor reguleringsplanområdet i samsvar med krav i arealplanen og illustrasjonsplanen, dagsett 30.04.21. Områdeleikeplass er lagt til eksisterande i Rutlinslid og det skal opparbeidast terrengtilpassa gangsti frå planområdet til leikeplassen.

Sak 28/21
Detaljreguleringsplan Kalkarteig bustadområde

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:
Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande framlegg til detaljregulering i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-12

Detaljreguleringsplan for Kalkarteig bustader med
Plankart dagsett 29.04.2021
Føresegn dagsett 29.04.2021

Vedtaket er grunngeve med at planframlegget er tråd med overordna plan. Vidare er faglege innspel og merknader som er kome i planprosessen innarbeida, slik at reguleringsplanen no har gode planmessige grep og gjev ein samla god detaljert plansituasjon.

Habilitet:

Ivar Slinde, Sp bad om vurdering av habilitet i høve til at svigerinne sin eigedom grensar til planområdet.

Utvalet fann Ivar Slinde, Sp habil.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande framlegg til detaljregulering i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-12

Detaljreguleringsplan for Kalkarteig bustader med
Plankart dagsett 29.04.2021
Føresegn dagsett 29.04.2021

Vedtaket er grunngeve med at planframlegget er tråd med overordna plan. Vidare er faglege innspel og merknader som er kome i planprosessen innarbeida, slik at reguleringsplanen no har gode planmessige grep og gjev ein samla god detaljert plansituasjon.

Sak 29/21

Klagehandsaming - Stoppordre Myradn masseuttak Norconsult

Vedtak:

Klagen frå Kaupanger Hovedgård v/Knagenhjelm vert teke til følgje, og at det vert gjeve ein frist på 3 veker ved varsling av ny stoppordre

Tilrådinga vert grunngeve med at Kaupanger Hovedgård v/Knagenhjelm burde vorte varsla i forbindelse med vedtak om stoppordre, og at det bør gjevast ein rimeleg frist for å avslutte arbeida på masseuttaket. Vidare grunngeving kjem fram av saksframstilling.

Sak 30/21
Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:
Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15.
2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

Endringsframlegg:

Malén Røysum la vegne av Senterpartiet la fram forslag til nytt punkt på side 15, 3 d): Sogndal kommune skal jobbe for å utbetre riksveg 13 og for å få realisert Vikafjellstunnelen.

Jan Arild Rømmen V, la fram forslag til nytt punkt:

1. Side 14, nedst: Nytt avsnitt:
Sognefjorden er ein attraksjon i verdsklassen. Me må gå i spissen for å ivareta denne attraksjonen for framtida.
2. Punkt 10 side 17, vert stroke.

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet - samrøystes.

Framlegg frå Jan Arild Rømmen punkt 1. – samrøystes

Framlegg frå Jan Arild Rømmen punkt 2. fekk 2 røyster (1 Frp og 1 V) og fall.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gjere slikt vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15.
2. Rådmannen får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

Det vert teke inn nye punkt:

- s 15, punkt 3 d:
Sogndal kommune skal jobbe for å utbetre riksveg 13 og for å få realisert Vikafjellstunnelen.
- Side 14, nedst: Nytt avsnitt:
Sognefjorden er ein attraksjon i verdsklassen. Me må gå i spissen for å ivareta denne attraksjonen for framtida.

Sak 31/21
Planstrategi for Sogndal kommune 2021-2024

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1.

Endringsframlegg:

Plan og forvaltningsutvalet la fram endringsforslag til prioriterte planar:

1. Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart 1. halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Planlagd oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle skule og fleirbruk- og basishall vert teke inn i planstrategien. Planlagd oppstart 2. halvdel 2022.

Avrøysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet til å gje slik tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Planstrategien for Sogndal kommune 2021-2024 vert vedteken slik han ligg føre, jf. pbl. § 10-1 med desse endringane:

1. Områdeplan for Hermansverk vert flytta med oppstart 1. halvår 2022.
2. Områdeplan for Kaupanger vert flytta fram med oppstart 2. halvdel 2022
3. Detaljplan for Henjabakkane bustadområde vert teke inn att i planstrategien. Oppstart 1. halvdel av 2023.
4. Detaljplan for Kvåle vert teke inn i planstrategien. Arbeidet startar opp 2. halvdel 2022.

Sak 32/21
Planprogram - Arealplan for Sogndal kommune 2022-2032

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet rår formannskapet å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Planprogram for arealplanen til Sogndal kommune 2022-2032 vert lagt ut på høyring slik det ligg føre, etter plan- og bygningslova § 11-13.

Sak 33/21
Plan og forvaltningsutvalet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 2021

A. Skriv og meldingar

1. Vedtak i klagesak som gjeld dispensasjon for utlegging av flytebrygge og ilegging av gebyr på eigedomen gbnr. 324/1, Balestrand, Statsforvaltaren i Vestland (arkivsak 20/9498)
2. Vedtak i klagesak som gjeld bruk av anneks som sjølvstendig brukseining gnr. 19 bnr. 184, Hodlekvevegen 267, Satasforvaltaren i Vestland (arkivsak 20/8419)
3. Sogndal kommune, gnr. 23, bnr. 152 og 189, Trolladalen 19, endring på to av fire bustadeiningar i rekkehus, Statsforvaltaren i Vestland (arkivsak 20/1122)

B. Drøftingar

C. Orienteringar

1. Amla bustadfelt – innspel på veg og kostnadsdeling
2. Temaplan for naturmangfald

D. Spørsmål frå representantane

Rita Navarsete, Frp:

- Fontene i parken i Sogndal sentrum
Fontene er klare for bruk, vert sett i gang når det er nok vassressursar
- Badeplass i Leirvik, Nornes
Vert sett i samanheng med vedlikehald av grøntareal
- Minnestein, Nornes
Steinen står på privat grunn.

Magne Bruland Selseng, Sp

- Rekkverk Kvåle bru
Det er i dag ikkje avsett midlar til dette tiltaket. Det er føreslege ein rammepott på 2 million kroner til veginvesteringar i tertialrapporten. Dersom dette vert vedteke av kommunestyret vil det vere mogeleg å prioritere inn tiltaket.
- Badestrand Eide – avtale med grunneigar om flytting av veg og parkering
Miljøverndirektoratet eig området. Kommunen vil sjå på dette.

Jan Arild Rømmen, V

- Sognefjord panorama – ferdigstilling og bruksløyve
Ferdigattest ikkje gitt pga at utomhus-anlegg ikkje ferdigstilt i samsvar med vedtak

Malén Røysum, Sp

- Kyrkjegarden på Leikanger kyrkje – ansvar for stell og vedlikehald
Kyrkjekontoret har ansvar for kyrkjegardane. Har samarbeidsavtale med kommunen.

Stig Ove Ølmheim, Ap

- Reguleringsplan Nornes Vest – klage frå innbyggjar
Klagefrist nyleg utgått, vert handsama

Vedlegg:

Til punkt: A1